



Espira Marthahaugen barnehage.
Ådlandsvegen 325
5918 FREKHAUG

Ikkje offentleg
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 2

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1620 - 15/13975

Saksbehandlar:
Mette Marei Træland
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:
11.08.2015

Vedtak om etterjustering av tilskot til drift og kapital til private barnehagar for 2014.

Vi viser til brev og vedtak om tildeling av kommunalt tilskott til Espira Marthahaugen barnehage for 2014.

Meland kommune v/ barnehagefagleg rådgjevarteneste har fatta vedtak om etterjustering av tilskot til drift og kapital for 2014 til Espira Marthahaugen barnehage med kr 515.549,-.

Kommunalt tilskott for 2014 basert på avrekning av kommunalt rekneskap for 2014 er dermed totalt kr. 11 024 313,-.

Nye satsar ved avrekning blir kr. 176 543 per småbarn og kr. 85 344 per store barn. For begge gruppene kjem i tillegg kapitaltilskot med kr. 4.864,-. Blåklokka barnehage skal ha minimum tilskotsprosent.

Med ein gjennomsnittleg tilskotsprosent for 2014 på 96,83% blir satsane for utbetaling til Espira Marthahaugen barnehage kr. 170 946 per småbarn, kr. 82 638 per store barn og kr 4 710 i kapitaltilskott.

Beregnet kommunalt tilskott basert på budsjett var på kr var kr. 10 508 764,-. Dermed inneberer etterjusteringa ein auke i tilskott med kr. 515.549,- i høve til det opprinneleg vedtaket om kommunalt tilskott for 2014.

Vedtak om tilskott for 2014 vart gjort på bakgrunn av vedteke budsjett 2014 for den kommunale barnehagen og Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskott til ikkje- kommunale barnehagar. Kommunalt tilskott var opprinneleg rekna ut frå ein sats per barn på kr. 168 448 per småbarn og kr. 80 847 per store barn. Kapitaltilskottet per barn var i opprinneleg vedtak kr. 4 543.

Tilskottsprosenten er minimum 96% i perioden 1.1.2014 -31.07.2014.

Frå 1. august 2014 vart minimum tilskottsprosenten auka til 98 %.

Gjennomsnittleg minimum tilskotsprosent for 2014 vert med det på 96,83%.

Tilskott er basert på barnetal som vart innrapportert per 15.12.2013.

Avrekning på bakgrunn av kommunalt rekneskap for 2014 medfører ein auke i satsane for små og store barn. Dette skuldast at Meland kommune har hatt ein auke i driftskostnadane i den kommunale barnehagen i 2014.

Dette er et enkeltvedtak etter Forvaltningslova og kan påklagast. Ein har rett til å klage på vedtak etter §28 i Forvaltningslova. Klagefrist er 3 veker frå de mottok vedtaket. Årsaka til klagen må grunngjevast.

Klagen vert sendt til Meland kommune, barnehagefagleg rådgjevar;
postmottak@meland.kommune.no, eller pr.post til : Barnehagefagleg rådgjevar i Meland kommune, boks 79,5906 Frekhaug.

Dersom Meland kommune som underinstans opprettheld sitt vedtak, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland som er klageinstans, for endeleg avgjerd.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Økonomikontoret i Meland
kommune

Mottakere:

Espira Marthahaugen barnehage. Ådlandsvegen 325 5918

FREKHAUG